



I dagens utgåve av Dagbladet pryda Rosendalstroppen ei heil dobbelside.

**Denne helga startar forballevetret Norway Cup på Ekebergsletta. Rekordmange unge fotballspelarar inntar då hovudstaden. Også Rosendal Turnlag set rekord med antal lag. Dei stiller i år med heile 8 lag. Den tidlegare rekorden var 6 lag som dei har hatt to gonger. Det er svært mange uskedelinger på laga.**

At Rosendal har vore ein flittig gjest på Norway Cup, er tydelegvis vorte lagt merke til. I Dagbladet i dag vert dei presentert over ei dobbelside i avisa, der det mellom anna vert fokusert på at dei har vore uheldige og har tapt på myntkast heile 8 gonger i avgjerande kampar. I år satsar dei på nytt med friskt mot. No håpar dei verkeleg å få snudd mynten.

Ungdomsleiar Arvid Nes i RT fotball fortel at spelarar og leiarar reiser austover i morgon, laurdag, med 2 Tidebussar og 1 minibuss. Til saman er det 105 spelarar på dei 8 laga. I tillegg kjem trenarar og leiarar. - Vi har kjøpt 124 deltakarkort, og dessutan reiser mange foreldre, søsken og andre tilskodarar privat. Eg vil tru det vert minst 200 frå indre luten på Norway Cup utover i veka, seier den entusiastiske ungdomsleiaren. Der trur han bommar! Eg er sikker på at det vert endå fleire, og at det vert ein heilagjeng som markerer seg!

Nes fortel at det er 16 spelarar, 2 leiarar og 1 bussjåfør frå Uskedalen i troppen. Det er:

Trond L. Myklebust (sjåfør)  
 Anne Guri Kildal (leiar)  
 Ragnvald Myklebust (leiar)  
 Sondre Myklebust  
 Torstein Myklebust  
 Marius Myklebust  
 Jakob Taranger  
 Mats Løland Eik  
 Emilie Bringedal  
 Merete Myklebust  
 Hanna Tvilde  
 Thea Soltveit Taranger  
 Ingeborg Bjørnebøle  
 Amalie Hovden Rød  
 Jaran J. Eide  
 Harald Lekva  
 Sander Myklebust  
 Ida Marie Eidsvik  
 Camilla Myklebust Ripel

Vi ønskjer spelarar, trenarar, leiarar og alle supportarar lukke til, og håpar alle får ei uforgløyemeleg veke.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland